

Referat Utdanningsutval, FHS

Dato: 23.11.20 ZOOM møte kl 09:00-11:00

Til stades: Toril Forbod, Anne-Grethe Naustdal, Eli Bjøvdal Eikefjord, Johannes Haltbakk, Unni Margrethe Uren Aasen, Cecilie Thaule Løvlid, Kristin Senneset, Fredrik Sørensen (studentrepresentant) og Hilde Kristin Tveit.

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
8/20 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt kommentarar. Er det saker til eventuelt?	Prodekan	5 min
Referat: Innkalling og referat bli godkjent utan kommentarar. Lovise Vedvik (studentrepresentant) er slutta som fakultetstillitsvald og vi får ny studentrepresentant til neste møte.				
9/20 Universell utforming	Vedlegg i Teams: Notat om status UU ved HVL/FHS kjem § 17.Universell utforming	Universell utforming inngår i Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven) og er lovfesta krav frå 1. januar 2020 (eksisterande IKT-løysingar skal vere universelt utforma frå 1. januar 2021=. Det er eit stort arbeid som HVL og FHS ikkje er i hamn med. Utdanningsutvalet bes om å kome med innspel på korleis fakultetet kan arbeide med å følge opp lovverket og korleis jobbe for å styrke kompetansen om universell utforming.	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon.	20 min

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Referat:

Prodekan innleia til saka. Nytt reglement for UU – alle undervisningsinstitusjonane er lovpålagt å leggje til rette for uniformell utforming innan 1. januar. Saka er drøfta med prorektor og ALU: [Avdeling for utvikling av læring og undervisning](#). Har delt Høgskulen på Innlandet sitt kurs som ligg tilgjengeleg på Vestibylene/ALU. Alle tilsette oppmodast til å ta dette kurset. FHS jobbar med å utvikle dette til ein didaktisk modul som del av å auke pedagogisk kompetanse.

Kommentarar frå Utdanningsutvalet:

- Utdanningane er opptatt av dette og emneansvarlege spesielt.
- Det er eit omfattande arbeid og det er viktig med god brukarstøtte i dette arbeidet.
- Kaltura skal nyttast for å laste opp og lage video og lydfilet (mediefilet) i emna. Kaltura er integrert i Canvas. Ikkje alt er lagt til rette for dette i i Canvas pr.d.d. – korleis lage PP?, korleis bruke fargar?
- Fakultet har eit team kring arbeid med utvikling av undervisning. Vi har ein fakultetskontakt, Gry Sjøholt, i 50 % som er kontaktpunkt mot ALU. For tida er Per Sakariassen under tilsetting i 50+% tilsvarande stilling for våren 2021. Han har gode erfaring med video og teknologi.
- Ressursar til utvikling av UU må på plass
- Ved NTNU vert UU arbeidd med i regi av fellesadm på nivå 1. Legg til rette for kurs for tilsette
- Ved HVL bør også dette leggast til fellesadm.
- Ein bør også tenkje UU i all utviklingsarbeid.
- IHF har allereie satt opp ein halv dag til UU på agenda 4 januar.
- Vi må ha fokus på alle lenka i revidering av studieplanane – må følgjast opp av studieadm.

Utdanningsutvalet tykkjer arbeid med temaet UU er viktig og oppmodar at alle institutt set temaet på dagsorden i møte med dei tilsette. Dei ber også at fakultetet melde tilbake at dette må fellestenestene ta meir ansvar for. UU bør og opp jamleg i møte i Utdanningsutvalet, FHS.

10/20 Plan for periodisk evaluering	Vedlegg i Teams: Kjem	Fakultetet har oppdatert oversikta for periodisk evaluering av studieporteføljen og ber Utdanningsutvalet om innspel til kva for studieprogram som bør gjennomgå ein periodisk evaluering.	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon.	15 min
--	------------------------------	--	--	--------

Referat:

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Avdeling for utdanningskvalitet i samarbeid med fakultetet har laga ei oversikt for når periodisk evaluering skal gjennomførast på studieprogramma. Fakultetet legg om alle studieprogramma for tida. Nå er det i gong eit arbeid med omlegging og større revisjon av mange av masterutdanningane. Fakultetet har nett fått informasjon om at Jordmor – ligg inne i statsbudsjettet - også skal inngå i RETHOS 3 arbeidet.

Master i samfunnsarbeid skal inngå i nye mastergrad i Sosialvitenskap. Mange av vidareutdanningane vil inngå i nye masterprogram. Ut i frå dette bildet er det vanskeleg å sjå eigna studieprogram for periodisk evaluering i 2021.

Kommentarar frå Utdanningsutvalet:

- Melde tilbake kring vurdering av periodisk evaluering av master i jordmorfag for 2021 - evt gjere det parallelt om utdanninga inngår i RETHOS arbeidet.
- Bachelorprogramma – kan nokre gjennomføre periodisk evaluering i 2023, nokre i 2024 og nokre i 2025? Innspel til at ein bør gjere periodisk evaluering instituttvis for bachelorutdanningane for å hente ut samordningsgevinst og mykje er også samordna i programma.
- Ein må og skjå dette i samanheng med budsjettet. NTNU reknar at periodisk evaluering for eitt studieprogram kostar ca. kr 100.000. Audiologi ved NTNU er i RETHOS men dei har hatt ei periodisk evaluering i samarbeid med RETHOS prosessen jf det vi foreslår for jordmor.
- Det er nokre feil i excel oversikta – institutta må melde tilbake til Hilde

Utdanningsutvalet er positiv til at studieprogramma gjennomfører periodisk evaluering samla for dei studieprogramma ved bachelor som ligg ved same institutt.

11/20 Digitale vurderingsskjema i praksis – vidare arbeid	Vedlegg i Teams:  Sak 11 Digitale vurderingsskjema.doc	Praksisprosjektet har kome med nokre anbefalingar for digitale vurderingsskjema i praksis. Utdanningsutvalet bes om å gje innspel til det vidare arbeidet. Sjå spørsmåla i vedlegget.	Kvalitetsrådgjevar Hilde Tveit orienterar og innleiar til diskusjon	20 min
--	---	---	---	--------

Referat:

Praksisprosjektet har kome med forslag til kva som bør inngå i praksisvurderinga gjennom [praksisprosjektet](#)

Målet er å ha ei heilskapleg tilnærming – lik layout i vurderingsskjema mm.

Behov for digitale vurderingsskjema er meldt inn til digitaliseringsprosjektet –med ei teknisk løysing mot WISEflow.

Fakultetet anbefaler eigne praksisemne.

Kommentarar frå Utdanningsutvalet:

- Spørsmål til UU er korleis kan ein få med studentane si eiga målsetting i eit felles skjema?
- Læringsutbyttesamtale i staden for målsettingssamtale.
- Evt ein eigen kolonne der det står at desse læringsutbytta vurderast i praksis?

Fakultet for helse- og sosialvitskap

- Bør ein utarbeide eigne vurderingsskjema for emne der praksis inngår som deleksamen?
- NTNU – har ei felles forside, men skjema er tilpassa kvar utdanning når det kjem til innhald. Utdanningane er for forskjellige til å ha heilt lik mal.
- Kva med progresjon – kan dette være med i skjemaet? Det er taksonomi knytt til læringsutbytta, men det kan kanskje være ei standard teks som sier noko om progresjon?
- Kva skal studentane jobbe vidare med i neste periode? Forslag om at dette kan tas på ein egen side til slutt (studenten oppmodast om å ta med til neste praksisperiode

Utdanningsutvalet er positiv til at det utarbeides lik mal forvurdering av praksisemne, og at kvar utdanning tilpassar skjema i høve sine læringsutbytte. UU ber om at det til neste møte utarbeidast forslag til hovudmal for vurderingsskjema for praksisemner. Utvalet be om at kommentarane som kom fram i møtet tas med i det vidare arbeidet.

12/20 Praksistildeling FHS	Vedlegg i Teams:	Praksistildeling ved FHS skal til opp til behandling av leiargruppa. Utdanningsutvalet får høve til å kome med innspel til forslaget til prinsippa for praksistildeling ved FHS.	Leiar frå studieadministrasjonen Kristin Senneset orienterar og innleiar til diskusjon	20 min
-----------------------------------	----------------------------------	--	--	--------

Referat:

Leiar frå studieadministrasjonen gjekk gjennom framlegg til retningslinjer for praksistildeling. Fakultetet må vere tro mot dei ulike praksisplassane og praksisområde i forhold til andre utdanningsinstitusjonar. Det er laga ein mal for praksistildeling. Dette er tatt opp i Leiar møtet og deretter vore på høyring i institutta. Det må være tydeleg informasjon kring praksisfordeling til både studentar og praksisfelt. Arbeidsmengda knytt til praksisfordeling må stå i forhold i tal tilsette på praksiskontoret. Det vi snart være 6 tilsette som administrerer praksis for nær 5000 studentar.

Kommentarar frå Utdanningsutvalet:

- Mange studentar må ha praksis andre stadar enn nær campus. Det bør ikkje vere den same studenten som reiser langt i kvar praksisperiode!
- Praksisplassar knytt til campus- fleire utdanningar klarer ikkje å dekkje praksis i nærområde. Studentar med behov for tilrettelegging må prioriterast
- Informasjonsflyt – informasjon om kor ein skal i praksis kjem ofte seint til studenten. Når bør studentane få melding om kor dei skal vere i praksis? Bør det stå ein frist? Dei skal og skaffe bustad.
- Ved trekning må ein vente til alle plassar er klar og dette er utfordrande for alle partar.
- Studentane treng å vite kor ein skal i praksis minst ein månad før dei skal i praksis for å skaffe seg bustad
- NTNU har også reglement for dette. Det økonomiske: at det er ekstra belastning for studentane, er løfta opp. Studentane får vite kor dei skal vere i praksis 6 ukar i forkant men dei har ikkje noko «ris bak spegelen» når fristen ikkje blir overheldt.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

- Nokre praksisplassar har behov for å rekruttering i distriktet – vurdere om dei ved å ordne og dekkje heilt eller delvis bustad for studentane kan auke rekruttering av studentar til slike praksisplassar

Utdanningsutvalet er positiv til dei føringane for praksistildeling som ligg føre med dei kommentarar som kom fram i møte. Viktig at tudentane behandlast likt og ber om at kommentarar som kom fram i møtet tas med vidare før endeleg vedtak leiarmøte.

13/2 Begrep og spørreord til eksamen



Sak 13 Begrep og spørreord til eksamen

Fagmiljøet på bachelor i ynskjer at fakultetet utarbeider ein standard for bruk av omgrep og spørjeord til eksamen. Utdanningsutvalet får høve til å kome med innspel til forslaget.

Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon.

20 min

Referat:

Saka om spørjeord og omgrep til eksamen kom opp i arbeidet med kvalitetssikring av eksamen. Det vil ikkje bli jobba med felle omgrepsgrup for heile hvl. FHS vil difor lage spørjeord og omgrep som skal nyttast ved alle eksamenar ved FHS. Slik vert det meir tydeleg for både studentar og tilsette kva vi spør etter og kva forventningar det ligg til omfang og retning i svar på spørsmåla.

Kommentarar frå Utdanningsutvalet:

- Spørjeorda har tatt utgangspunkt i dei ein nyttar ved nasjonal eksamen i Anatomi, fysiologi og biokjemi ved sjukepleie og i spørjeord ein tidlegare har nytta og hatt oversikt over i våre ulike fagmiljø
- UU er positiv til å fastsetje ei rekkje med spørjeord som skal nyttast ved FHS. I arbeidet er det viktig å ta student perspektivet, slik at spørjeorda vert heilt forståelege for dei
- Må vere forpliktande for fagmiljøa og bruke desse omgrepa, slik at studentane alltid kjenner igjen spørsmålstillingane og forventningane som ligg til desse - denne informasjonen må stå i innleiinga
- Omgrepa bør stå i ei rekkefølge i høve omfang
- Bra med ei liste – er eit godt hjelpemiddel for dei som skal laga eksamensoppgåver og til dei som skal løyse dei
- Sensorrettleiinga om også nytte desse omgrepa
- Bra både for studentane og tilsette at det er ei slik liste av spørjeord
- Fakultetet må vere klar over korleis det skal brukast – unngå klage for formelle feil

Utdanningsutvalet er positiv til at det utarbeidast ein slik oversikt. Det bør sendast til høyring til fagseksjonsleiarane før det sendast vidare til vedtak i Leiargruppa.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

<p>14/20 Orienteringar</p>	<p>Vedlegg i Teams: Status 16.11.20 E-postvedlegg i Teams</p>	<p>Utdanningsutvalet får sakane til orientering.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Status studiebarometeret – svarprosent • Fristar for revisjon av studieplanene 2021-2022 • Munnleg orientering frå møte om MAMET500 – felles metode emne for alle masterutdanningane • Status: <ul style="list-style-type: none"> ○ 3 sp fellesemne ○ Studeporteføljeutvikling ○ Beredskapsarbeid 	<p>Prodekan orienterar</p>	<p>15 min</p>
<p>Referat:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Studiebarometeret – Siste oversikt over svarprosent er ikkje lagt ved. Vernepleie har jobba godt med purring - på Facebook og gjennom ei tillitsvalde • Studieportefølje: Det vart ein del endringar i studieporteføljesaka i høve slik den vart lagt fram i sist UU. 3 masterøknadar blei administrativt avvist. Dei har alle fått forlenga frist til 6. januar. Håper då at det blir godkjent i UU. IVD har f.eks no fått god tilbakemelding frå ekstern fagfelle som har vurdert master i familieterapi og relasjonelt arbeid. Vi har også fått til desentralisert sjukepleie og vernepleie knytt til Haugalandet. Nye studieplassar knytt til covid-19 er knytt til dette. • Informasjon om studieplanrevisjon ligg i Teams og er nå lagt ut som sak på Vestibylen. I år skal HVL ha fokus på vurderingsformer. Kom innspel om at vi heller bør skrive justering i staden for revisjon. Revisjon gjev signal om omfattande endring, mens det ofte er justering av emner. • MAMET500 - ynskje om ein større revisjon og at ein ser på ressurstildelinga til emne. Saka vert behandla i FHS sitt leiarmøte denne veka. • Fellesemne på 3 sp - internasjonalt emne for innvekslingsstudentar utviklast ved IHF. Det har vore eit møte med fagseksjonsleiarane. Fagseksjonane jobbar vidare med emnet – internasjonalt ansvarleg skal sjå gjennom emnet. Emnet skal tas vidare i UU når det er ferdig. Andre fagmiljø kan nytte emne og tilpasse det etter ynskje. • Det er beredskapsarbeid framleis ved FHS. Møte med praksisfeltet og KS sentralt omlag kvar 14.dag. Fysisk undervisning er avgrensa til ferdighetstrening. Utfordring med at tilsette ofte må i karantene og ein jobbar med tiltak som kan forbetre dette. Det har vært utfordring med å skaffe 				

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

nok praksisplassar for utdanningane: fysioterapi, ergoterapi og radiografi. Midlertidig forskrift er under behandling. Den må ta høgde for 20 % fråvær i praksis for alle utdanningar.

Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.

14/20 Eventuelt	Vedlegg:	Møte våren 2021 – forslag Måndag 8. februar og måndag 25. mai, begge dagar Zoom møte 09.00- 11.00		5 min
Referat:				